



HORDALAND FYLKESKOMMUNE

Dykkar ref.:

Vår ref.: 2016001638-5/2017004769 Arkiv: N - 101 Dato: 04.04.2017

SØKNAD OM STØTTE TIL RETTLEIINGS- OG FORMIDLINGSPROSJEKT I TRÅD MED HANDLINGSPLAN TIL KULTURMINNEPLAN

Me viser til utlysning av tilskot til arbeid med kulturminneplanar, med utvida søknadsfrist 10. april.

Sveio kommune ønskjer å søkja om støtte til rettleiings- og formidlingsprosjekt i samsvar med handlingsplanen til kulturminneplanen.

Status for kulturminneplanarbeid:

Kulturminneplanen blei vedtatt 12.10.2015, og handlingsplanen rullert 14.11.2016 (sjå vedlegg). Det blir arbeidd med oppfølging av tiltak i handlingsplanen, men nokre tiltak er sett på vent grunna manglande arbeidskapasitet og midlar. Kommunen har tidlegare fått tilskott til å leggja inn verna kulturminne i Askeladden, og har kome langt i dette arbeidet. Kulturminneplanen blei gitt ut i bokform i 2016, og det blir arbeidd med skilting av arkeologiske kulturminne etter BARK-programmet. Sveio kommune har òg nyleg vedtatt å kjøpa eit stort sjøhus frå 1750 – eit viktig kulturminne i kommunen – for å sikra det for ålmenta, i samarbeid med ei lokal interesseforeining. Fleire av tiltaka i planen er såleis i ferd med å bli gjennomført.

Kort skildring av tiltak

Etter at kulturminneplanen blei laga og utgitt i bokform, har me merka aukande interesse for å besøka kulturminne i kommunen. Eitt av dei viktigaste tiltaka er difor skilting og tilrettelegging av kulturminne som er aktuelle å besøka. Kommunen er i gong med skilting av arkeologiske kulturminne, men manglar midlar til å skilte kulturminne frå nyare tid. Det er fleire viktige kulturminne der det er stort behov for skilting, og ein ønskjer å laga ein eigen plan for dette. I første omgang er Valenheimen, Einstadbøvoll gard og Tittelsnes fort prioriterte. Alle desse ligg i Valestrand, der prosjektet «Kulturbygda Valestrand» gjer tiltaka ekstra aktuelle. Kurs (til dømes i legging av helletak) og informasjonssamlingar for eigarar av prioriterte kulturminne er òg tiltak Sveio kommune ønskjer å gjennomføra.

Framdriftsplan

Tiltaka vil bli gjennomført i løpet av 2018.

Finansiering

Sjå vedlegg

Tiltak i handlingsplan

Tiltaka ein ønskjer å gjennomføra er i samsvar med handlingsplanen (vedlagt):

- Plan for skilting og tilrettelegging av nyare tids kulturminne
- Oppfølging av eigarar av viktige kulturminne
- Kurs i legging av helletak

Postadresse:

Telefon:

Telefaks:

Org.nr.:

Bankgiro:

E-post:

Postboks 40

53 74 80 00

53 74 80 01

864967272

3240.08.87550

postmottak@sveio.kommune.no

5559 Sveio

Fakturaadresse: Postboks 54, 5559 Sveio

- Kulturminneskilt Tittelsnes fort

Med helsing

Ellen Urheim Tveit
Rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.